VEDLEGG:

Kultur som grunnverdi og samanbindande faktor

Breimsbygda Ve&berre Vel, julenr 2006, utgjeve av Breimsbygda IL

Kva er det med Breimningane?

Vi i Sparebanken Sogn og Fjordane stiller oss ofte spørsmålet over, og kanskje er det andre som også gjer det same. Vi skal ikkje underslå at vi er litt forundra. Gjennom langsiktig og hardt arbeid har de etablert bygda som landbruksmekka nr. 1 på Nordvestlandet. Sjølvsagt med ein gavmild natur på dykkar side, men likevel ...

Som ikkje dette var nok, er de i ferd med å gjere bygda til småkraftmekka nr. 1 i nasjonal samanheng også!

Målretta arbeid, dugleik og ikkje så lite risikovilje er naudsynte ingrediensar for å få dette til, og dette er eigenskapar som breimningen har vist at han har. Det er bygder som tek grep, og som vil noko sjølve, som kjem til å overleve som gode fellesskap i tida framover.

Eksempla på bygder der motløysa råder er mange. Vi treng ikkje reise langt frå Breim før vi er der. Felles for dei aller fleste er at dei skrik om at nokon andre må trø til for å hjelpe dei. Dette er diverre ein kamp som er fånyttes. Det er derfor viktigare enn nokon gong at de tek vare på entrepenørskapen, samhaldet og dugnadsånda.

Vi i Sparebanken Sogn og Fjordane gler oss over det de får til i Breim. Vi har gjennom mange år vore ein støttespelar for dei som vil satse, og ønskjer å vere dette også i framtida.

Anders Skipenes,banksjef.

Dette brevet kom inn til redaksjonen i Breimsbygda Ve & berre Vel for nokre dagar sidan, og gjekk glatt gjennom den vanlegvis strenge sensuren i avisa. Smålåtne som vi Breimningar er, så vil vi nødig seie di so altfor høgt koffer Breimningen er slik som Sparebanken så treffande framstiller det. I all beskjedenheit nøyer vi oss difor med å trykkje "Breimsong" av Gabriel Reed, kanskje den gjev litt av forklaringa på Sparebanken sitt spørsmål?

Breimsang

Bygden ligger trygt om fjelde
som står frem med magt og velde.
Som en festlig pyntet sal
ligger denne fagre dal.

Våre fædre valgte dalen,
overlot oss hele salen,
fjell og fjord og hus og heim
i vårt fagre, friske Breim.

De har gitt oss arv å øke,
de har gitt oss mål å søke,
nettopp her en rydningsmann
rettte gleden finne kan.

Breimningen har kraft i armen,
Breimningen har mot i barmen,
fører stadig kamp mot stein,
derfor har han marg i bein.

Feiselen i næven danser,
lyse voner sindet kranser,
skuer mot en festlig dag
etter mange tunge tak.

Har du sett ham slæggen svinge?
Har du sett han steinen tvinge?
Sett ham sette brystet mot?
Eller kjempet mot en rot?

Eller har du sett hans kvinde?
i sitt virke ute, inne?
Bøy Deg, vandrer, det er rett,
få som hun fortjener det.

Barn ved foten, barn på armen,
kanskje også ett ved barmen.
Enda har hun råd til smil
som kan sprede mannens tvil.

Jentene er vakre, milde.
Guttene er raske, snilde.
Møter de i festlig lag
da går glæden høyt mot tak.

Riflen ligger støtt i arme.
Elske kan han og med varme.
En Breimning verger som en mann
sin kvinde, heim og fedreland.

Gabriel Reed

Kulturpris til Kari og Nils Jordanger

- Det å jobbe for å kjenne mi eiga fortid har gjort meg rikare som menneske. Slik takka Kari Jordanger for kulturprisen i Gloppen kommunestyre, ein pris ho deler med ektemannen Nils Jordanger.

Av Svein Heggheim

PRISVINNARAR: Kari og Nils Jordanger fekk måndag kulturprisen frå Gloppen kommune.

Og det var nettopp arbeidet med å grave gammal kunnskap fram frå gløymselen som gav ekteparet den utmerkinga dei måndag uttrykte stor glede over å få. Begge har vore sterke drivkrefter i arbeidet med å samle gamle ord og uttrykk frå Breim i bokform.

- Dette pionerarbeidet med breimsmålet var det første tiltaket i eit ti år langt kulturhistorisk arbeid i perioden 1992 til 2001, sa leiar i utval for teknisk, landbruk og kultur, Aud Kari Solheim då ho overrakte prisen.

Nemnda der Nils Jordanger var leiar og Kari var medlem gav totalt ut fem lokalhistoriske bøker, to ordbøker, to glimtbøker og ei prologbok. Tidlegare er nemnda heidra med Gloppen mållags målpris i 1994.

Nils og Kari har også jobba aktivt med Breim Ungdomslags hundreårssoge.

http://www.firda.no/nyhende/toppsak_framside/article1875221.ece

Seime-samlinga robba av kjennarar

– Tjuvane visste godt kva dei var ute etter, seier politibetjent Roar Bøe. Han er viss på at tjuvane hadde god kjennskap til innhaldet i Nils Seime sitt antikvitetslager på Breim.

Av Sissel Iren Skjerdal
Publisert 07.08.2008 - 09:01 Oppdatert 07.08.2008 - 10:31

Foto Sissel Iren Skjerdal TUNGT: ¿ Det at tinga har forsvunne på ein slik måte, er tungt. Det har ikkje vore enkelt å byggje opp samlinga. Det har vore ei utfordring både når det gjeld økonomi og det å finne gjenstandane, fortel Nils Seime.

Samla i ein mannsalder

Nils Seim har samla på bruksgjenstandar frå Gloppen og Vikane sidan han var 12 år gammal. Livsverket, på no 2000 gjenstandar, har kosta mellom 500 000 og 700 000 kroner av private midlar. Politiet trur tjuvane må ha vore der i byrjinga av juli.

Seime har vore ekstremt forsiktig med å fortelje kvar han oppbevarer gjenstandane, nettopp for å unngå denne situasjonen. Også Seime er viss om at tjuvane hadde god kjennskap til innhaldet.

Sentrale stykker

– Det er forferdeleg at tinga har vorte stolne. Det er ikkje så stor del av samlinga som er borte, men desse tinga som er stolne er umistelege og sentrale i samlinga, seier Seime.

I kroner og ører har gjenstandane ein verdi på mellom 30 000 og 60 000 kroner.

– Brukstinga her er samla inn som ein dokumentasjon av vår felles natur- og kulturhistorie, fortel Seime. Han håper kommunen og fylkeskommunen no kan vere med på å finne eit nytt lager for tinga, slik at dei kan samarbeide om å ta vare på lokalhistoria.

Politiet ber om tips

Politibetjent Bøe har kontakt med fleire antikvitetsseljarar for å stogge tjuvane om dei prøver å omsetje tinga. Lensmannskontoret undersøkjer og Internett.

Bøe ber no publikum vere på vakt dersom dei blir tilbode antikvitetar frå indre Nordfjord. Dersom nokon har tips i saka, kan dei kontakte Lensmannen i Gloppen.

http://www.firda.no/nyhende/article3705377.ece

Tok sjølvironien heilt ut

Sjølvironien spelte førstefiolin for Breimskoret under premieren på «Heilt køntri» laurdag kveld. Ivrige dugnadskarar fekk gjennomgå av festivalenkjer, og Nils R. fekk nærkontakt med sjølvaste Dolly Parton.

Av Harald Bratland Carlsen

Se større bilde

«HEILT KØNTRI»: Marit Moldestad, Kari Ask Nyland og Britt Glomnes Willumsen set ord og tonar til ei scene der Reidar (Reidar Moldestad), Nils R. (Bjarne Bø) og John (Jan Halvor Tennebø) er på stjernejakt i USA. Alle foto: Harald Bratland Carlsen

Se større bilde

WILLIE: Sjur Atle Austrheim framførte «It always will be» av Willie Nelson.

Se større bilde

Med gryande gyllelukt utanfor Breimshallen som ramme og den køntritreff-sentrale Fjordhest-garden som bakteppe, tok eit livleg og balansert utspjåka kor på nesten 40 med eit publikum på vel 300 med på ei 90 minutt lang reise frå Breim til Nashville og attende.

Og det tok ikkje lang tid før ein kjende varsam taktfast tramping i golvet og rytmisk gynging i plaststolrekkjene.

Amerikareise

Ved hjelp av 21 kjende køntri-melodiar og ei rekkje verbale mellomspel fortalde Breimskoret historia om korleis køntritreffgeneralen Nils R. og dei to medhjelparane Jon og Reidar hanka inn storstjerner til køntritreffet.

-Kommunelegen seier dugnadsånda her er ein nedarva kromosomfeil frå før Svartedauden, sa Nils R. - som vart tolka av Bjarne Bø.

Sjølvaste Willie Nelson og Dolly Parton fekk vi både sjå og høyre - i Sjur Atle Austerheims og Britt Glomnes Willumsens figurar.

-I have a dream, siterte Nils R. Martin Luther King - og så trekte Dolly han med bak sceneteppet.

-Ein blir så glad

Jubelen stod i taket, og frå nabosetet mitt kvitra Anne Henden: -Ein blir så glad av å vere her.

Då det heile var over - og fleire hundre store smil hadde funne fram til hestekreftene ute på plassen - kunne Bø fortelje at det vanka premierefest i den lokale saloonen hos Gordon.

Med all respekt for kokken: Pizzaen som stod på menyen der var heilt sikkert det minst kreative som fann stad på Breim denne kvelden.

– De er galne, men eg elskar dykk

Foto Arne Stubhaug

Sigrid Therese Moldestad vart kidnappa av Breimskoret.

http://www.firda.no/nyhende/kultur/article3338914.ece

Sigrid Spellemann

Av Bjørn Grov, **06.02.08**

Leiar: Vi syns det er stas å kunne gratulere Sigrid Moldestad frå Breim med sjølvaste Spellemannsprisen i klassa for folkemusikk og gamaldans.

Også for to år sidan fekk Sigrid denne gjevaste utmerkinga i norsk musikkliv, då saman med to andre spelemenn, Håkon Høgremo og Einar Mjølsnes. I år tok ho den åleine, i ei klasse med hard konkurranse. Og det ut frå eit veldig spennande og viktig konsept, det å løfte dei gamle spelekvinnene fram til sin fortente plass i lyset. Ho har gjort det sjølv, dei fem S-ane: Sigrid Spelar, Syng, Skriv og Snakkar! Ho framstår som ein folkeleg og dyktig multikunstnar, som har tatt det beste av folkemusikken inn i ei ny drakt med appell til eit stort publikum.

(Leiar, Firda Tidend 06.02.2008)

Breim-kabaret med Sigrid i spiss

14.04.2008 Hans Jakob Reite Ukategorisert

Breimskoret avslutta søndag kabareten ”Gyllen tid” for fulle hus. Breimskoret byr på seg sjølv og gjer det med sjarm, og med Sigrid i spiss. Den proffe Breims-jenta Sigrid Moldestad er gjesteartist. Ho er i særklasse – musikalsk og scenevand – som ein spelmannsprisar skal vere. I tillegg syner ho at ho også beherskar revy…Dette er ein kabaret som nesten like gjerne kunne vore ein rein konsert. Men i Breim gjer dei dette ”vesle” ekstra som hevar det til ein KABARET. Dei vel tema og tråd. Dei har regi og flyt. Dei har flotte kostymer og sminke. Men viktigast av alt: Dei byd på seg sjølv. Dette er god og ekte bygdekultur. Og med ei heimvend stjerne, så må det berre verte publikums-suksess….Skal ein bedømme dette som rein kor-prestasjon, så er kanskje ikkje Breimskoret det mest presise. Men dette skal ikkje bedømmast som korsong eller revy. Det er kort og godt Breims-kabaret. Det er ein eigen sport i dugnadsbygda Breim. Og der er Breimskabareten suveren. Dei syner herleg speleglede. Dei tek sitt publikum. Dei fyller hus etter hus…. Eg var i Breim, medan andre var i Oslo og opna opera. …Eg skal vere varsam med å setje det eine mot det andre. Eg slår kort og godt fast at eit entusiastisk lokalt publikum betalar 250 kroner for å halde sitt lokale kor i levande live. I distrikta må vi lite på oss sjølve, og så får vi gjere ein snu innom Bjørvika når vi er i Oslo-bygda. Der må vi først betale over skattesetelen, og så løyse billett att på

http://blogg.nrk.no/reite/2008/04/14/breim-kabaret-med-sigrid-i-spiss/

Men viktigast er kjærleiken!

29.08.2008 Hans Jakob Reite Ukategorisert

I sommar har fylket bada i ute-arrangement innan spel og sport, rokk og revy, seglskuter og sildebord, - og fiskekonkurransar og fjell-løp. Mange arrangement i ulike sjangrar. Nokre konkurrerer om publikum, sponsorpengar og offentlege kulturpengar. Andre ikkje.

….Publikum deler eg i tre: Kjernepublikumet (også kalla heimepublikum) er trufaste mot arrangementsplassen og/eller sjangeren. Kjernepublikumet er eit uvurderleg kort i kampen om kundane. Desse trekker med seg den andre gruppa: Lett ustabile vanedyr. Desse går etter lukta av kjernepublikum. Den tredje publikumsgruppa er dei trulause medgangssupporterane. Desse godvers-menneska kjem med eit smil når borda er dekka. ”Kåntri på Breim” er eit strålande døme på at arrangøren greier å dra alle tre grupper publikum. Frå dei mest religiøse kåntri-fantastane frå Breim til dei mest trulause medgangssupporterane frå Førde. Glimrande gjort og best i klassen for ”brei” festival!

http://blogg.nrk.no/reite/2008/08/29/men-viktigast-er-kj%C3%A6rleiken/

Radiostjerne forelska seg i Breim

Av Heidi Ravnestad, **19.07.07**

Breim: Det vart ikkje nokon romanse med ein kjekk cowboy for Reiseradioen sin programleiar, Ragnhild Silkebækken, men ho reiste likevel tilbake til Oslo med varme kjensler.

– Vi har lagt igjen hjartet vårt i Breim, verkeleg. Så friskt og vakkert, og sånn ein nydeleg natur, seier Ragnhild Silkebækken, programleiar i Reiseradioen i NRK P1.
Førre helg hadde ho og Alex Rosèn fire timar direktesendt radio frå festivalområdet på Norsk Country Treff.

Gjestfridom
– Du nemnde i sendinga fredag at du håpa det ville vere mange kjekke cowboyar på Countrytreffet. Korleis gjekk det?
– Det var sikkert mange kjekke karar der, men ikkje som eg trefte. Eg fekk ikkje med meg noko kjæraste heim, men det øydela slett ikkje opplevinga, seier Silkebækken.

http://www.firdatidend.no/nyhet.cfm?nyhetid=3633

Programleiarane i Reiseradioen forelska seg i Breim under Norsk Country Treff der dei hadde fire timar sending (Foto: Torunn Sath).

Countryfestivalen på Breim Blir rost opp i skyene

-Breimsfestivalen er den fremste countryfestival i Norden, når det gjeld artistnivå og lydkvalitet. Sjølv har eg vitja dette countrytreffet i ni år. Eg reknar med å kome tilbake, sjølv når dei køyrer meg inn i rullestol.

Av Helge Johnsen

Spår publikumstal på over 10000 i jubileumsåret

Denne smigrande attesten kom frå leiaren i Norsk Countrymusikkforbund, Roger Wernerson, då eldsjelene bak countrytreffet laurdag presenterte artistlista for årets festival, den tiande i rekkja.

Roger Wernerson i Country-forbundet seier han er imponert over arbeidet som blir lagt ned på Breim.

-Artistane eg har snakka med, seier dei ønskjer seg tilbake dit, fordi alt klaffar hundre prosent. Lyden er perfekt, og artistane blir følgde opp og tekne veldig godt vare på. Kvaliteten på denne festivalen er mellom den høgaste i Europa, seier Roger Wernerson.

http://www.firda.no/nyhende/article877957.ece

Rekordomsetning for NCT

Av Liv Jorun Andenes, **17.07.08**

Norsk Country Treff: Det går mot eit solid overskot for Norsk Country Treff også dette året. I helga hadde dei større omsetning enn nokon sinne. – Det vert nok fleire plussar enn i fjor, seier ein tilfreds festivalsjef Ingemar Sårheim.

Aldri før har Norsk Country Treff hatt større omsetning, men heller aldri større utgifter. Det ser likevel ut til å gå mot eit rekordoverskot for festivalen i Breim. Men noko konkret tal vil ikkje festivalleiinga ut med. I fjor hadde dei eit overskot på kring 400.000 kroner.

Rekordmange kom for å sjå Vassendgutane spele fredag kveld. – Vi må klare å trekkje ungdomen ut av campingområda også laurdagen, seier festivalsjef Ingemar Sårheim.

Norsk Country Treff er blitt stifting

Per Kleppe leier stiftinga som no eig og driv Norsk Country Treff i Breim. Inntil vidare er Ingemar Sårheim konstituert som dagleg leiar.

Av Bjarte Øvrebø

Se større bilde
Per Kleppe første leiar i stiftinga Norsk Country Treff. Bjarte Øvrebø

-I tillegg til laga og organisasjonane i Breim som har drive dette arrangementet i ti år, så har vi no fått med Gloppen kommune og fylkeskommunen Breim Countryklubb i stiftinga, seier den nye leiaren, Per Kleppe.

Best i Norge

Han meiner den årlege countryfestivalen på Fjordhestgarden i Breim har utvikla seg frå eit middelmådig countryarrangement den første tida, til no å framstå som leiande i Norge ikkje minst når det gjeld kvalitet.

Føremålet med å gjere NCT til ei stifting er ønsket om å ha ei ryddigare juridisk styring

http://www.firda.no/nyhende/article1289507.ece

Kan bli countrymusikkens Mekka

Av Bjørn Grov, **18.02.08**

Gloppen: – Kvifor skal vi ikkje greie å få til dette i Gloppen, spurde prosjektleiar Kristin Sandal, NCT-sjef Ingemar Sårheim og ordførar Anders Ryssdal. Under pressekonferansen fredag la dei fram dei første teikningane av eit nasjonalt senter for countrymusikk, pris: 25,0 millionar kroner.

Heilt sidan 2002 har ein arbeidd med planane om eit senter for countrymusikk i Breim, på linje med det bluesen har fått på Notodden og rocken er i ferd med å få i Trøndelag.

http://www.firdatidend.no/nyhet.cfm?nyhetid=4276

Slik kan det nasjonale senteret for countrymusikk i Breim bli sjåande ut. Bygget, med innhald og moms, er kostnadsrekna til 25,0 millionar kroner. (Teikning: Erik Riuls Arkitektkontor).

Ein kulturkveld som sa seks(ti)!

Av Bjørn Grov, 27.10.08

Breimshallen: – Eg ville ikkje ha noko vanleg feiring, seier Bjarne Bø, som fylte 60 år laurdag. Og det vart det aldeles ikkje. I staden arrangerte han på eiga hand ein open kulturkveld i Breimshallen, med eit program det vil gå gjetord om lenge.

- Wenche Myhre syng at livet tek til når ein vert 65, då må ein i alle fall kunne arrangere kulturkveld når ein vert 60, sa Bjarne Bø då han ynskte velkomen. Og det kan ein trygt seie at jubilanten hadde gjort.
  Komiteen for denne kvelden har vore samansett av Bjarne Bø og underteikna. Stort sett har vi vore einige om innhaldet, og har det vore usemje, har Bjarne Bø fått viljen sin, fortalde Bjarne til stor åtgaum hjå dei 150 i salen.
  Ja, for han har drøymt om dette lenge. Han ville ikkje ha noko feiring av seg sjølv. Pengane han elles ville ha brukt til eit tradisjonelt selskap for slekt og vener, investerte han i ein kulturkveld open for alle gjennom annonsar i avisa. I staden for presang, betalte dei som kom billett for program, god mat og dans. Og ville nokon absolutt gje ei gåve, skulle den gå til Breimshallen.

Songgruppa var populær i Breim og lenger med utover 60- og 70, ja kanskje 80-talet og. Laurdag var dei samla igjen. F.v. Gabriel Raad, Bjarne Bø, JosteinAardal, Kari Ask Nyland, Marit Moldestad, Inga Helen Seime, Terje Moldestad, Per Svein Reed og Kjell Reed.

http://www.firdatidend.no/nyhet.cfm?nyhetid=5057